



Jobbnorge-ID: 193627
Søknadsfrist: 11.10.2020
Nettside: <https://www.uib.no/om/84775/ledige-stillinger-ved-uib>
Omfang: Heiltid
Varighet: Vikariat/mellombels

Ei av Noregs mest populære utdanningar treng fleire dyktige administrative medarbeidarar

Førstekonsulent studieadministrasjon ved Det juridiske fakultet (vikariat)

Kunnskap som formar samfunnet

Gjennom eit sterkt og tett samspel med omverda - globalt, nasjonalt og lokalt - skal vi medverke til eit samfunn bygd på kunnskap, ferdigheiter og haldningar.

Vil du vere med å forme framtida?

Video: <https://www.youtube.com/watch?v=0E0cOZpZQXY>

Førstekonsulent (studieadministrasjon)

I studieseksjonen ved Det juridiske fakultet er det ledig eit eitt års vikariat i 100 % stilling som førstekonsulent, med moglegheit for forlenging. Tiltreding så raskt som mogleg.

Studieseksjonen bidreg til å utdanne framtidens juristar og ivareta fakultetet sitt samfunnsoppdrag. Masterprogrammet i rettsvitenskap er ei av Noregs mest populære utdanningar, og fakultetet er blant dei leiande forskingsmiljøa i Norden innan strafferett, straffeprosess og politirett. Studieseksjonen arbeider kontinuerleg med å vidareutvikle kvalitet i studiet og å forbetre og effektivisere interne prosessar og rutinar.

Arbeidsoppgåver:

Stillinga inneber studieadministrative oppgåver innanfor blant anna undervisning, eksamen og saksbehandling, i tillegg til å avlaste kollegaer ved arbeidstoppar og fråvær.

Stillinga passar særst bra for deg som er fleksibel og tek ei utfordring på strak arm, samstundes som du kan arbeide nøyaktig og effektivt etter prosess- og rutinerettleingar. Du vil få utfordrande og varierte arbeidsdagar, og må difor evne å halde hovudet kaldt i hektiske periodar.

Den som blir tilsett vil primært inngå i seksjonens studieårsgruppe, men kan òg få andre studieadministrative oppgåver.

Kvalifikasjonar og eigenskapar:

- høgare utdanning, minimum bachelorgrad. Du treng ikkje ha juridiske emne i graden din, og kandidatar frå alle relevante fagområde blir oppmoda om å søkje
- praksis og erfaring frå studieadministrativt arbeid, saksbehandling og prosjektarbeid er ein føremon. Erfaring frå organisasjons- og servicearbeid kan òg vere relevant
- god skriftleg og munnleg formuleringsevne på norsk, begge målformer
- effektiv, ansvarsbevisst og fleksibel
- evne til å arbeide sjølvstendig
- evne til å prioritere mellom oppgåver og trivst med å halde orden på fleire parallelle prosessar og aktivitetar samstundes
- gode kommunikasjons- og samarbeidsevner

Relevant praksis og personlege eigenskapar naudsynte for stillinga vil bli særskild vektlagt

Vi kan tilby:

- varierte og utfordrande oppgåver

- hyggelege kollegaer og eit godt og inkluderande arbeidsmiljø
- fleksibel arbeidstid og gode velferdsordningar, mellom anna trening i arbeidstida
- løn som førstekonsulent etter lønnssteg 49-55 (p.t. kr. 442 300-488 000) (kode 1408 /LR 21) i det statlege lønsregulativet, avhengig av tenesteansiennitet og kvalifikasjonar. For særleg godt kvalifiserte søkjarar kan ein vurdere høgare løn
- medlemskap i Statens pensjonskasse
- gode [velferdsordningar](#)

Generell informasjon:

Utfyllande opplysningar om stillinga får du ved å vende deg til nestleiar for studieseksjonen Nina Østensen, tlf. 480 56 605, e-post: nina.ostensen@uib.no

Den som blir tilsett må rette seg etter dei retningslinjene som til ei kvar tid gjeld for stillinga.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetjing. Personar med innvandrarakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teken til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Søknad, CV og vedlegg skal sendast elektronisk via lenka "Søk stillinga".

Nærare informasjon om tilsettingsprosessen finn du [her](#).

Velkommen som søkjar!

Om Universitetet i Bergen

Universitetet i Bergen er ein anerkjend utdannings- og forskingsinstitusjon, organisert i sju fakultet og omlag 54 institutt og faglege senter. Campus ligg i sentrale delar av Bergen med universitetsområde på Nygårdshøyden, Haukeland, Marineholmen, Møllendalsveien og Årstad.

Det juridiske fakultet - [Les meir om fakultet her](#).

Tilleggsinformasjon

Arbeidsstad:

Dragefjellet, Bergen 5020 Bergen (Bergen Kommune)